

Dialogkort vg2

Kapittel 11 Barokk

Spørsmål

Kva kjenneteikna samfunnet i Europa på 1600-talet?

Svar

Ei uroleg tid. Folk blei forfølgt for politiske og religiøse syn og utsett for hekseprosessar, svolt, sjukdommar og krigar.



Dialogkort vg2

Kapittel 11 Barokk

Spørsmål

Kva var forholdet mellom den katolske og protestantiske kyrkja på denne tida?

Svar

Den katolske kyrkja slo tilbake mot den protestantiske rørsla og styrkte makta si igjen.

intertekst

Dialogkort vg2

Kapittel 11 Barokk

Spørsmål

Kva er ein «jammerdal»?

Svar

Det er ein elendig stad der du berre må halde ut fram til du døyr.



Dialogkort vg2

Kapittel 11 Barokk

Spørsmål

Kva betyr ordet «barokk»?

Svar

Ordet barokk betyr «uregelmessig forma perle».

Dialogkort vg2

Kapittel 11 Barokk

Spørsmål

Kva tid kan vi tidfeste barokken til i Europa og Noreg?

Svar

Europa: ca. 1600–1750. Danmark-Noreg: 1660–1750



Dialogkort vg2

Kapittel 11 Barokk

Spørsmål

Kvifor kan ein seie at barokken «sette Gud i sentrum»?

Svar

Det meste av litteraturen var religiøs dikting. Alt er gjennomsyra av ei sterk tru på Gud.

Dialogkort vg2

Kapittel 11 Barokk

Spørsmål

Kva ville Petter Dass oppnå med salmane han skreiv?

Svar

Han ville hylle Gud og oppdra folk til å leve eit godt, kristent liv.



Dialogkort vg2

Kapittel 11 Barokk

Spørsmål

Kvifor skreiv mange barokkdiktarar at dei lengta etter døden?

Svar

Livet på jorda var ekstremt hardt på denne tida. Ein ville sleppe unna jammerdalen og heller kvile hos Gud i paradis.

The image features a dense, non-linear pattern of the word 'intertekst' repeated in a light yellow color against a plain white background. The word is rotated at various angles, creating a dynamic, overlapping texture across the entire frame. The yellow color of the text is a pale, slightly muted shade.

Dialogkort vg2

Kapittel 11 Barokk

Spørsmål

Korleis kan ein seie at Thomas Kingo var ein typisk barokkdiktar?

Svar

Han skreiv religiøse tekstar (salmar) der han hylla Gud. Han oppfordra folk til å leve gode og moralske liv, slik at dei ville oppnå frelse.



Dialogkort vg2

Kapittel 11 Barokk

Spørsmål

Kva var Dorothe Engelbretsdotter særleg opptatt av i diktinga si?

Svar

Ho var opptatt av døden. Mennesket måtte alltid hugse på at livet på jorda tok slutt, og at det berre var æva som var evig.

The image consists of a dense, diagonal grid of the word "intertekst" in a yellow, sans-serif font. The text is rotated approximately 45 degrees counter-clockwise. The grid is composed of many overlapping words, creating a textured, layered effect. The background is white, and the overall pattern covers the entire frame.

Dialogkort vg2

Kapittel 11 Barokk

Spørsmål

Kva for syn på død og synd kjem fram i diktinga til Engelbretsdotter?

Svar

Døden er ei frelse. Då kjem du heim til Gud og får ro. Livet på jorda må du bruke til å gjere opp for syndene dine. Berre slik kan du gå døden trygt i møte.



intertekst